

## **Interpellasjon lokalt tilpassa regelverk om vannskuterkøyning**

Ein gjennomgang av høyringsuttalane til oppheving av dei nasjonale forskrifta gjort av Naturvernforbundet viser at folk flest ikkje ønskjer meir køyring i strandsona. Likevel opnar Regjeringa for frislepp av vannskuterkøyning, tett til land, utan avgrensing. Fredag 19. mai vart det kjent at Regjeringa oppheva dei nasjonale forskriftene for bruk av vannskuter med umiddelbar verknad. Formålet var å likestille dei med fritidsbåtar og gje ansvaret til kvar kommunane å bestemme reglane for vannskuterkøyning. Tidlegare var det forbode å køyre vannskuter nærare enn 400 meter frå land. No skal ein kunne køyre nesten heilt inntil strandkanten, langs øyar og skjær med sjøfugl og badegjestar. Det vil fortsatt vere forbode å køyre meir enn femti meter frå badestrender, men mange frykter massive brudd på denne regelen etter frisleppet.

### **Dei fleste sier nei**

Eit stort fleirtal av kommunene ønskjer ikkje det nye regelverket. Meir enn åtti prosent av dei 84 kommunane som har uttala seg i høyringa seir klart nei. Store byar som Oslo, Kristiansand, Stavanger, Bergen og Trondheim seier nei. På heile stripa frå svenskegrensa via Oslo og Kristiansand til Bergen er det berre Drammen, Lillesand og Sandnes som synast det er ein god ide å sleppe støyande vannskutere tett inn på badestrender, fuglereservat og anna. Også reiselivsorganisasjonane og natur- og frilufsorganisasjonane er imot fri ferdsel for vannskutere.

### **Ny trussel for sårbare fugler**

Frisleppet av vannskutere vil kunne gå hardt ut over ærfugl, terner og andre sjøfuglar som allereie opplever utfordringar i den sårbare perioden med ruging og små ungar spesielt. Forsking viser at fuglane langt på veg tilpassar seg småbåttrafikk som i stor grad følgjer faste seilingsleiar, mens skuternes totalt uforutsigbare køyning stressar dei på ein helt annan måte. Mange sjøfuglar opplever no ein dramatisk nedgang i bestandene, og fleire er hamna på raudlista som utrydningstrua. Det siste dei treng er ein ny trussel.

### **Kapasitet og kompetanse**

Jamnt over fortel kommunane at dei ikkje har kapasitet eller kompetanse til å utforme eige regelverk, og at nasjonale retningslinjer er det einaste fornuftige. Korleis skal folk, politi, naturoppsyn og turistar forholde seg til forskjellige reglar i kommunene i Nordhordland? Det du får lov til på den eine sida av skjæret, kan være forbode på den andre.

### **Midlertidig gjeninnføring av nasjonale forskrifter**

Kommunestyret bes om å gjeninnføre dei nasjonale forskrifta fram til administrasjonen har fått kartlagt kva verknad oppheving av forskrifta vil få etter dei lokale forholda, jf. Naturmangfaldslova §§ 8, 9, 10, 12 og Grunnlovas § 112, slik kommunen er pliktig å gjere. Det er viktig at dette blir gjort no, slik at dei som eventuelt kjøper vannscooter i kommunen til ein kvar tid veit kva dei skal forholde seg til. Kanskje må vannscooterkjøring sjåast i samanheng med kystsoneplanlegging vi har vedtatt å lage.

### **Alternativ framlegg til vedtak:**

Meland kommunestyre vil gjeninnføre den nasjonale forskrifta av 21.juni 2013 nr.701 om bruk av vannscooter til kommunen har kartlagt kva konsekvensar opphevinga får, jf. Naturmangfaldslova §§ 8, 9, 10, 12 og Grunnlovas § 112. Kommunestyre ber administrasjonen fremje ei sak med anbefaling i løpet av hausten 2017.

Med helsing

Karina Garnes Reigstad

Gruppeleiar MDG i Meland.